



LINDÅS KOMMUNE  
Haugen barnehage

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
26.03.2015	
Ark saknr 15/168	Løpenr
Saksnr	Tilgangskode

19.03.15

Til Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Uttale til endring av § 10 i VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR frå samarbeidsutvalet i Haugen barnehage.

Samarbeidsutvalet hadde møte 18.mars 2015 og frammøtte var: Foreldrerepresentantar Trine Lie og Natalie Da Costa Aase, tilsettere representantar Kristine G. Rusten og Mariann Mostrøm, styrar Kate E. Klementsens som skrivar. For eigar møtte ingen.

Ein kan få ein forståing av at endringa av barnehageåret kan tre i kraft allereie barnehageåret 15-16 når ein ser på skule og barnehageruta.

Det håpar vi ikkje skjer. Foreldra har frist til 15.april til å fastsette ferien til barna inneverande barnehageår. Vi ser at ein politisk behandling ikkje er muleg før denne datoen. (høyringsfrist 25.mars og neste kommunestyremøte 21.mai) Foreldra til barna f. -09 har hatt mulegheit til å velje ferie til medio august. Det kan skape vanskar for dei, om dei må endre ferien etter vedtak i kommunestyret i mai.

Etter gjeldande vedtekter er barnehageåret frå medio august. Skule- og barnehageruta legg opp til at barnehageåret startar 1.august, tilsvarende også for dei som nyttar seg av 11 månaders tilbod skulefritidsordning (SFO). Barnehagane har så langt tilpassa seg skule- og barnehageruta. Det er i dag ulik praksis mellom kommunale og private barnehagar, der ein del private barnehagar også byrjar barnehageåret 1.august.

Det er sant at barnehagane har tilpassa seg skule- og barnehageruta. Kanskje det er på tide at skule / SFO tilpassar seg barnehage? Ikkje alle barn har full plass i SFO, mange har kortare eller ikkje opphald der. For nye barn i barnehagen startar året omtrent likt med skulestart, og siste året i barnehagen sluttar barnehageåret til skulestart. Det kan SFO òg følge. Elles så er det berre dei små barnehagane som startar 1. aug. (Av Lindås kommune sine 1169 barnehageplassar, er det 59 plassar som startar 1.august. Tal funne i Barnehageplan 2012 – 2015 med fråtrekk av dei plassane som er lagd ned eller er i anna kommune) og dei barnehagane er òg stengd i juli.

Det at barnehageåret tek til 1.august vil ikkje få konsekvensar for ferieperioden i barnehagane. Den kan framleis vere frå medio juni til medio august. Barnehageborn kan ha ferie både i byrjinga, undervegs og mot slutten av barnehageåret, men skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret og tre av dei skal vere samla.

Ein konsekvens er at det året barnet byrjar på skulen; må ferien vere avvikla innan 31.juli. Det kan òg få konsekvensar for foreldre og personalet med sommarstengde barnehagar. Sidan økonomien til barnehagane ikkje er lagt opp til vikarbruk om sommaren. Dette er ikkje ønskjeleg sett frå foreldra sin ståstad. Dei ynskjer den fleksibiliteten for ferieavvikling som er i dag.

Ei mogleg ulempe ved å flytte byrjinga av barnehageåret til 1.august, kan vere at tilvenningsperioden for nye barnehageborn kjem parallelt med ferieavvikling. For andre kan det vere ei føremon å ta til i barnehagen på denne tida, då det gjerne er færre barn i barnehagen i denne perioden



LINDÅS KOMMUNE

Haugen barnehage

Vi ser det som svært negativt om ikkje heile personalet er tilbake ved start av nytt barnehageår. Dei yngste får ikkje tryggleiken, stabiliteten og mulegheita til tilknytning når det heile tida vil vere ulikt personale tilstade. Barnet sin utryggheit smittar over på foreldra som igjen spelar inn på samarbeidet heim /barnehage. Dette er ikkje ønskjelege situasjonar, å dra tilvenningstida ut i tid grunna ferieavvikling!

Der er ein del forskning på små barn og tilknytning, og viktigheita med ein god start i barnehagen. Barnevernet i Lindås presiserer òg dette.

Dei eldre barna som kjem tilbake frå ferie treng òg vaksne som ser og høyrer dei. Og det er ikkje lett for dei å konkurrere om merksemda til dei vaksne med dei små barna som treng tett oppfølging i starten.

For nye born i barnehagen, vil endringa føre til at dei kan ta til i barnehagen frå 01. august i stadenfor midten av august.

Når foreldra får tildelt plass om våren, får dei og vete dato for kortid barnet kan starte i barnehagen. Til no har dei aller fleste foreldre ordna seg med tilsyn for barnet til barnehagestart medio august.

Konklusjonen blir då at barnehageåret må følgje skuleåret.

På vegne av samarbeidsutvalet i Haugen barnehage

Kate E. Klementsén

Styrar